

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 06.09.2023
SAKSHANDSAMAR: Bjørn Ivar Bø
SAKA GJELD: Lærlingar i helseføretaka

ARKIVSAK 2023/671
STYRESAK 083/23

STYREMØTE 06.09.2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har i styringskrav bedt om at *talet på lærlingar i helsefagarbeidarfaget skal aukast samanlikna med 2022*. Denne saka er ein oppsummering av status i føretaksgruppa Helse Vest per august 2023.

Vurdering

Dette er ein statusrapportering per august 2023. Lærlingar startar i august og har ikkje satt seg heilt den første tida. Tal lærlingar varierer også gjennom året då nokre lærlingar er ferdig med læretida gjennom året. Ein punktmåling av totalt tal lærlingar i august kan vise eit litt unøyaktig totalt tal lærlingar. Dersom det skjer vesentlege endringar i tal lærlingar fram til styremøtet vil styret bli munnleg orientert i møtet.

Oppsummering av status per føretak:

Helse Stavanger

Fagområde	Tal lærlingar august 2023	Fagarbeidarar august 2023	Kommentarar 2023
Helsefagarbeidar	52	547	Opprettheld det høge talet lærlingar dei har for helsefagarbeidarar.
Ambulansefaget	20	225	
Sikkerheitsfaget (vektar)	4	22	
Portørfaget	7	70	
Totalt	83	864	

Helse Stavanger er blant dei føretaka som har høgast tal lærlingar i helsearbeidarfaget. Lærlingane har periodar i somatikk og psykisk helsevern. Grunna allereie høgt tal helsefagarbeidar lærlingar, er det ikkje planlagt for ein auke nå.

Helse Stavanger planlegg same tal lærlingar for ambulansefaget, same nivå som tidlegare. Tal lærlingar må henga saman med god kvalitet gjennom heile læretida og må balanserast med fagleg kapasitet, kvalitet og pasienttryggleik.

Portørfaget er og sentralt med omsyn til nye moglegheiter for oppgåvedeling på ein rekke områder i sjukehusdrifta, noko som understøttas av [Fafo-rapport 2023:07](#) om ny oppgåvedeling i helse- og omsorgssektoren.

Helse Stavanger er godkjent lærebedrift for reinhald, logistikk/forsyning og kontor og administrasjonsfaget, men har ikkje lærlingar i desse faga no.

Helse Stavanger har i tillegg til ordinære lærlingløp lagt til rette for at praksiskandidatar kan ta fagprøve. Lærlingkontoret har hatt undervisning, rettleiing og lagt til rette for hjelp med å melde seg opp til fagbrev og kontakt med Rogaland fylkeskommune.

Det er et viktig tiltak for å bidra til fagutdanning for medarbeidarar som har tilstrekkeleg praktisk erfaring til å ta fagprøve.

Helse Fonna

Fagområde	Tal lærlingar august 2023	Fagarbeidarar august 2023	Kommentarar 2023
Helsefagarbeidar	18	310	Fordelt på første og andre års lærlingar.
Ambulansefaget	25	186	Fordelt på første og andre års lærlingar.
Administrasjon	1	154*	*Sum av stillingskoder Sekretær og Administrasjonssekretær
Totalt	44	650	

Helse Fonna har 18 lære plassar innan helsefagarbeidar faget, fordelt på første og andre års lærlingar. Det er forankra i Helse Fonna sin strategiske kompetanseplan for 2021 – 2026 at tal lærlingar skal aukast for relevante fag.

Målsettinga for 2024 er å auke tal lærlingar i Helsefag med ytterlegare 2 til 3 lærlingar. Det vil avhenge av tilstrekkeleg kapasitet for rettleiing. Mange medarbeidarar i små stillingar i dette fagområdet i Helse Fonna er hindrar tilstrekkeleg kapasitet til rettleiing.

Det er planlagt å opprette lære plassar i andre relevante fag som data elektronikar, portør og reinhaldar.

Helse Fonna har ein lærling i Helsefag gjennom prosjektet «Menn i helse». Det er plan for to lærlingar gjennom prosjektet i 2024.

I ambulanséfaget er det nå 25 lære plassar fordelt på første og andre års lærlingar. Det er det maksimale Helse Fonna kan klare i forhold til kapasitet.

Helse Bergen

Fagområde	Tal lærlingar august 2023	Fagarbeidarar august 2023	Kommentarar 2023
Helsefagarbeidar	47	398	29 tilsette i føretaket og 18 tilsette gjennom samarbeidsavtale.
Ambulansefaget	20	259	
Automasjon	1		
Ernæringskokk	1	51	Voss sjukehus har ikkje teke inn lærling denne hausten pga. ned stenging og ombygging.
Barne- og ungdomsarbeidar	5	24	
Byggdrift	1		Nytt lærefag
Sikkerheit	1	29	
Portør	7	156	
Logistikk	3		
Totalt	86	917	

I Helse Bergen har det enkelte fagområdet ansvar for å rekruttere og følge opp egne lærlingar. Unntaket er helsefaglærlingar som blir tilsett sentralt i FOU-avdelinga. Det blir arbeida med konkrete tiltak for å auke delen helsefagarbeidarar i føretaket, samt kompetanse og arbeidsoppgåver for denne gruppa. Arbeidet er strukturert i handlingsplan. Arbeidet med kompetanseheving for helsefagarbeidarar held fram.

Det er rekruttert 14 nye lærlingar i helsefag frå hausten 2023, same tal som i 2022, men fleire enn dei som fullførte våren 2023.

Det er eit godt samarbeid på tvers av lærefaga internt i Helse Bergen, mellom Helse Bergen og kommunane og mellom helsefaga ved dei ulike HF-a i Helse Vest. Dette hjelpte lærlingar gjennom året til å byte lærefag, byte lærebedrift til kommune og mellom føretak. Som eksempel ville alternativet i to av tre tilfelle vore at lærlingen droppa ut av fag og utdanningsløp.

Helse Førde

Fagområde	Tal lærlingar august 2023	Fagarbeidarar august 2023	Kommentarar 2023
Helsefagarbeidar	30	142	Fagarbeidarar er Hjelpepleiar, Helsefagarbeidar og Spesialhjelpepleiar. 11 tilsette i føretaket og 19 samarbeidslærlingar frå kommunar kjem i tillegg.
Ambulansefaget	10	207	
Institusjonskokk	1	11	
Portør	1	26	
Totalt	42	386	

Føretaket tilsett helsefaglærlingar i tråd med plan som blei etablert i 2018. Opptak av lærlingar er relativt stabilt, men på grunn av at nokre avsluttar eller tek permisjon vil tal lærlingar likevel variere noko gjennom året. Helse Førde opplevde eit fall i søkartalet til opptaket hausten 2022, og dette er samanfallande med resten av landet. I 2023 opplevde Helse Førde at talet søkjarar auka, men dei klarde likevel ikkje å rekruttere fleire enn seks nye lærlingar. Det er fleire årsaker til dette. Mellom anna var det noko uklart kva klinikk og avdeling som skulle tilsette lærlingar dette året. Det medførde at rekrutteringsprosessen drog ut i tid, og nokre av kandidatane som var aktuelle for Helse Førde inngjekk avtale med andre verksemdar. Samtidig var det kandidatar som fekk tilbod om lære plass som takka nei pga. ønskje om vidare skulegang. Helse Førde ser tydeleg at dei treng å starte prosessen med rekruttering tidlegare, samtidig som dei må vere meir aktive i dialogen med dei vidaregåande skulane.

Det er jamt opptak av seks lærlingar årleg i ambulanse- og helsefagarbeidar faga, ein portør og nokre halvår ein kokk og andre halvår blir det ikkje tatt inn kokkelærling.

Helse Førde legg til grunn å at dei skal oppnå krava i oppdragsdokumentet og legg og til rette for lærlingar innan fagområda som er viktige for drift av sjukehusa. Arbeidet med å auke tal lærlingar i helsefaga skal prioriterast i planperioden.

Helse Førde skal vere ei trygg, god og attraktiv lærebedrift for aktuelle faggrupper. Det er tydelege positive resultat av å etablere læreplassar og rekruttere motiverte og engasjerte kandidatar inn i lærlingstillingane. Helse Førde er bidragsytar for å sikre fleire læreplassar i tråd med måla i Samfunnskontrakt for fleire læreplassar og har også oppnådd ein god rekrutteringsarena.

I vedtatt rekrutteringsstrategi for Helse Førde er det i kapittel 7 – Utvikling, kompetanse og utdanning sett opp eige tiltakskort 7.16 «Utvikle ein strategiplan for lærlingar i Helse Førde». Arbeidet med korleis auke tal helsefaglærlingar i Helse Førde er under utarbeiding.

Helse Vest IKT

Fagområde	Tal lærlingar august 2023	Fagarbeidarar august 2023	Kommentarar 2023
IKT	3	30	
Totalt	3	30	

Helse Vest IKT har tiltak for å forbetre oppfølging av lærlingar. Neste planlagde utlysing av lærlingstillingar kjem våren 2024. Dersom nye aktuelle kandidatar skulle ta kontakt med aktuelle seksjonar som har kapasitet til å ta imot lærlingen, vil det bli vurdert å tilsette den aktuelle lærlingen før våren 2024.

Sjukehusapoteka Vest

Dei er ikkje godkjent lærebedrift.


Helse Vest RHF

Fagområde	Tal lærlingar august 2023	Fagarbeidarar august 2023	Kommentarar 2023
Kontorfag		1	1 lærling avla fagprøve våren 2023. Lærlingen fortsett som Fagarbeidar i kontorfag i Helse Vest RHF til sommaren 2024. Det lukkast ikkje å tilsette ny lærling ved årets opptak.
Totalt		1	

Målet er at Helse Vest til ein kvar tid skal ha ein lærling i kontorfaget.

Totalt er det 258 lærlingar i føretaksgruppa Helse Vest per august 2023. Det er 36 fleire samanlikna med august 2022. Dei 258 lærlingane er fordelt på 222 *eigne lærlingar* og 37 *samarbeidslærlingar* innan helsefagarbeidarområdet frå kommunane i Helse Bergen og Helse Førde.

Det er stabil tilsetning av lærlingar. På grunn av startdato læretid, fullført læretid, forlenging av læretid og permisjonar vil tal lærlingar likevel variera og påverkar rapporteringa. Oversikt over utvikling av egne lærlingar for åra 2018 til og med august 2023 er vist i graf nedanfor. Det er alltid høgast tal lærlingar med opptaka på hausten kvart år. Mange tar fagprøven på våren og talet går naturleg ned før ein rekrutterer nye lærlingar. I tillegg er det og nokre lærlingar som avsluttar lærekontrakten. Grafen inneheld ikkje tal lærlingar der føretaka og kommunar har samarbeid om lærlingane.



Status 2018 – 2023:

År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal lærlingar	184	182	202	225	222	258

Det har vært 40 % auke i tal ordinære lærlingar samanlikna med 2018.

Helseføretaka samarbeider godt og delar erfaringar. Det er og felles oppfølging av lærlingane i Kompetanseportalen på same måte som for legar i spesialisering som inneber at alle krav til utbytte og krav som blir stilt til opplæringa blir oppfylt. Føretaksgruppa Helse Vest er den einaste regionen som har gjennomført dette.